


# Kvam Bompengeselskap AS – ei kort orientering

HF, 17.03



Kvam Bompengeselskap AS (KBS) vart stifta i september 2005 for å arbeida fram ein avtale med staten om heil eller delvis bompengefinansiering av vegprosjekt i Kvam.

Det har i mange år vore trong for statlege vegmidlar til utbetring av rv. 7 og rv. 49 i Kvam. Vegane er svært dårlege, og dette går mellom anna ut over trafikktryggleik og framkomst. I siste framlegget til Nasjonal transportplan 2006-2015 ligg det ikkje inne pengar til vegprosjekt i Kvam. For å kunne realisera nokre av dei viktige utbetnings- og trafikktryggleikstilltaka i Kvam før 2015, har Kvam herad vedteke å medverka med eigenfinansiering gjennom bompengar. Bak dette vedtaket ligg det mellom anna ei erkjening av at trongen for framtidige statlege midlar til vegutbetringar til andre område i Kvam som ikkje kjem med i Kvammapakken, er stor.

KBS har på dette grunnlaget arbeidd fram ein bompengesøknad for Kvammapakken. Bompengesøknaden vart handsama i Kvam heradstyre 26. oktober 2005. Han er til handsaming hjå Statens vegvesen region vest, før han eventuelt kan fremjast for fylkestinget i vår. I denne prosessen pågår det eit koordineringsarbeid med nabokommunar, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune, der bompengeselskapet har ei viktig rolle. Statens vegve-

sen region vest har ansvaret for riksvegutbygging og tek endeleg avgjerd om bompengesøknaden skal fremjast til fylkestinget og Stortinget.

Samstundes har bompengeselskapet fått i oppgåve frå heradstyret i vedtak av 6. september 2005 og 26. oktober 2005 å arbeida for realisering av "kvamskogtunnelen," med eller utan samfinansiering av Statnett. Tunnelen vil ha stor transportmessig verknad for aksa Bergen-Samnanger-Kvam-Hardanger. Samstundes kan tunnelen medverka til å løysa eit omfattande miljøproblem ved å få lagt ei ny 420 kv kraftline mellom Sima og Samnanger som kabel i fjell.

For at kvamskogtunnelen skal få prioritet i Nasjonal Transportplan, er det krav til dokumentasjon av tekniske tilhøve, anleggskostnader og ei samfunnsanalyse som inneheld vurderingar av kost og nytte og effekten av prosjektet. Dette er eit omfattande arbeid som krev koordinering og samarbeid mellom statlege, fylkeskommunale og kommunale organ.

Bompengeselskapet har laga eit utgreiingsprogram for kvamskogtunnelen, datert 12. desember 2005, som grunnlag for å henta inn tilbod på arbeidet frå eksterne fagmiljø.

Innhaldet i utgreiingsprogrammet vart drøfta og avklara i høve til Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Samnanger kommune og Kvam herad i møte 3.

februar 2006. KBS fekk oppslutnad om at utgreiingsprogrammet skal gjennomførast og at representantar frå dei ulike offentlege organa skal halda det første prosjektmøtet 24. februar. Det er venta at Samnanger kommune, som ein av vertskapskommunane for tunnelen, formelt sluttar seg til arbeidet 23. februar.

I møtet 3. februar vart òg hovudfasane i planprosessen for kvamskogtunnelen lagt fram. Hovudfasane i planprosessen er i stikkordsform vegutgreiing, kommunedelplan/konsekvensutgreiing, reguleringsplan, finansieringsplan/bompengesøknad og handsaming i Stortinget. Det er vanskeleg å anslå tidsbruk for planprosessen fram til ein bompengesøknad er klar. Statens vegvesen la fram døme på at det vert rekna fem år frå oppstart for vegutgreiinga til ein bompengesøknad kan handsamast i Stortinget.

Vegkontoret understreka "dette er ein optimistisk framdriftsplan som forutset at all planlegging og politisk handsaming går på skinner". Anleggsperioden for tunnel kan kanskje gjennomførast på to år. Samla tidsbruk for plan, finansiering, politisk handsaming regionalt og sentralt og anleggstid kan teoretisk gjennomførast på sju år. Styret i KBS vil arbeida aktivt med planarbeidet i samarbeid med Kvam herad, Samnanger Kommune og regionalt og statleg nivå for realisering av tunnelen.

KBS fekk opplyst frå Statnett i desember 2005 at eit av alternativa for linjeframføring som skal utgreiast er kabel i sjø frå Eidfjord til Kvam og kabel i jord og tunnel til Samnanger. Som ein del av arbeidet med å koordinera utgreiingane av vegtunnel og ny kraftline, har KBS forhandla med Statnett om å utvida si utgreiing av kabelalternativet, slik at ein får fram dei totale kostnadene for kvamskogtunnelen (vegtunnel med kabel). Dette vart drøfta i møte med Statnett 10. januar og NVE 31. januar. Resultatet var at Statnett og bompengeselskapet skal nytta same konsultentselskapet for å framskunda ein "mogelegheitsstudie" for ein vegtunnel med kabelframføring. Kvam bompengeselskap har bestilt arbeidet av NVK Multiconsult som skal levera arbeidet alt i mars.

I 2006 vart det oppretta ei politisk arbeidsgruppe med ordføraren i Kvam som leiar. Arbeidsgruppa skal arbeida med å framskaffa politisk aksept for prosjektet. KBS har produsert brosjyremateriell til arbeidet. Det har i seinare tid gjennom media kome uttalar frå enkeltpersonar og organisasjonar som reiser tvil om arbeidet med Kvammapakken og arbeidet til KBS for Kvamskogtunnelen.

Erfaringsmessig er det kjent i Hordaland at vegbygging generelt, og med bompengefinansiering spesielt, skaper debatt. Det paradoksale er at eit lokalsamfunn

med stor usemje ofte kan verta "sin verste fiende". Det kan opplystast at bompengeselskapet gjennom styrearbeidet har knytt til seg konsulentar og rådgjevarar med stor kompetanse og erfaring med tilsvarande vegprosjekt i Hordaland. Styret i KBS har på noverande tidspunkt ikkje funne grunnlag for å be Kvam heradstyre om endring av strategi og mandat.

Arbeidet framover er krevjande for KBS og Kvam herad, og må pregast av lagspel om ein skal nå måla. All røynsle viser at lokale behov og ynskje fort kan verta stoppa av faktorar som ein ikkje lokalt rår over. Som ein viktig del av arbeidet med Kvammapakken og kvamskogtunnelen har styret prioritert informasjonsarbeid ovanfor kommunale, fylkeskommunale, regionale og statlege organ, samt ulike interesseorganisasjonar. Mellom anna er det teke kontakt og arrangert møte med representantar for Statnett, NVE og overlevert informasjon til ulike departement, stortingsrepresentantar og medlemmer av regjeringa.

Det er viktig at arbeidet framover vert prega av lokal semje og selskapet ser behovet for auka informasjon lokalt.

*Styreleiar  
Oddvar Brakestad,  
Kvam Bompengeselskap*